



Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 14/1785 - 18/3737

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
08.03.2018

Tilskot til løe på Øvre Tveiten - førespurnad om overføring av tilskot

Solveig Sævdal fekk i 2016 kr 30 000 i tilskot frå Vern og vøl til istandsetjing av løe på gnr 40/1 Øvre Tveiten i Radøy kommune. Tiltaket er no fullfinansiert gjennom offentlege og private tilskot (Radøy kommune, Hordaland fylkeskommune (2014 og 2016), Norsk kulturminnefond, UNI-stiftelsen og Fortidsminneforeningen).

Gamle3hus og Haakon Aase er no godt i gang med arbeidet, og det vil vera behov for å betala dei for arbeidet som er utført til no. Radøy kommune vil utbetala det kommunale tilskotet for arbeid som er utført, og me håpar at tilskota frå Hordaland fylkeskommune også kan utbetalast før tiltaket er ferdig.

Radøy kommune ber om å få utbetalt tilskotet på kr 30 000 som vart løyvd frå Hordaland fylkeskommune i 2016, slik at det, saman med tilskotet frå 20 000 frå 2014 som er overført til kommunen, kan utbetalast til Gamle3hus og Haakon Aase for arbeid som er utført til no.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim
leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Tildeling og aksept øvre tveiten Radøy

Mottakarar:

Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga
Postboks 7900

5020

BERGEN